

Parken a/l og gammaldansmiljøet i Gaupne inviterer med dette til

SOGN GAMMALDANSFESTIVAL 2007

For åttande gong er det ei glede å be inn alle gammaldansentusiastar til eit nytt treff i Gaupne. Me har etter kvart funne ein familievenleg profil på festivalen vår, der trivselen står i høgsetet. Dansarar, spelemenn og tilhøyrarar er hjarteleg velkomne til ei helg med mykje god musikk i eit triveleg miljø!

Program for Sogn gammaldansfestival 2007 i korte trekk:

Fredag 17.august: 21.00 - 02.00:

”Takk for sist- kveld” på Pyramiden senterkafè, med dans og moro utover kvelden.

Laurdag 18.august:

For dei morgonfriske er det høve til å spela ved butikkane i Gaupne. Pyramiden butikkcenter fyller 20 år i desse dagar, og deltakarane på festivalen er velkomne til å setja farge på jubileet.

Kl. 12.00 vert det som vanleg arrangert ein sponsa busstur for festivaldeltakarane. Denne gongen går turen til BREHEIMSENTERET I JOSTEDAL, der ein kan by på allsidige aktivitetar både for kropp og sjel. Retur til Gaupne ca. 17.00.

Det vert høve til ei lita vandring inn i nasjonalparken

Kl. 20.00 – 02.00 er det duka for stordans i Parken med dansespel frå 2 scener.

Søndag 19.august: Tradisjonen tru byr vertskapet musikarar med familiar på lappar, saft og kaffi før heimreise.

Treffet er lagt opp på ein slik måte at det skal gå greit å ha med seg heile familien. Samstundes er dette eit treff heilt utan konkurransar eller kurs, men med fokus på trivselen.

Me reknar med at dei fleste tilreisande ynskjer å bu på Sandvik camping (300 m frå Parken og Pyramiden). Her er det gode leiketilhøve for barn og fleire bualternativ, med hytter av varierende storleik og standard og god plass til campingvogner. Storparten av hyttene på campingen er allereie booka for helga... Alternativ overnatting i klasserom kan ordnast.

For campingplassen sin del er det fint dersom storparten av spelinga på sein kvelds- og nattestid føregår innomhus.

Telefonnummeret til Sandvik Camping: 57 68 11 53, fax 57 68 16 71

Internett: www.pluscamp.no/sandvik/

Det kan òg nemnast at både Breheimsenteret, Sandvik Camping, Pyramiden Senterkafè og Parken har skjenkeløyve...

Har du eit orkester som ynskjer å delta på Sogn gammaldansfestival?

Send ein e-post eller ta ein telefon underteikna dersom du ynskjer å vera med! Me kan vera til hjelp med å skaffa komp!

Sei ifrå kven som er med i gruppa, samt ynskje om speletid(er). Me kan ikkje gjera alle til lags, men er du tidleg ute, er sjansen større for å få ei ”attraktiv” speling.

Blant namna som allereie er ”booka”, er: Gimlingane, ”Litt tyst”, ”Galder”, Labakkalaget, Luster trekkspelklubb, B-gjengen og mange fleir...

Spelelistene vert satt opp ca. ei veke på førehand.

Arve Bjørn Røneid Pb 58

6866 GAUPNE

57681028/ 95076386

abron@online.no